

Bachelor i sosialt arbeid
Sosionomutdanning 2020

”Eit liv på vent”

Korleis kan sosialarbeidarar arbeide frå eit miljøterapeutisk perspektiv for å fremje livskvalitet hos einslege mindreårige asylsøkjjarar i venteperioden?

Julie Almestad Sævik

Studium: SASOS235

15.05.20
Antal ord: 9890



HØGSKULEN
I VOLDA

Samandrag

Denne bacheloroppgåva handlar om korleis sosialarbeidarar kan fremje livskvalitet hos einslege mindreårige asylsøkjjarar i venteperioden. Dette er ungdommar på 15-18 år som har eit liv på vent i ordinære asylmottak i Noreg i påvente av svar på søknaden om asyl. Dei har ofte vore gjennom ei farefull fluktrute, og finn seg no i ein heilt ny og framand kultur. Mange slit med traumer, skam, sorg og har gjerne mangel på kontinuitet i forhold til fortid, notid og framtid. Sosialarbeidaren finn seg i mange spenningsfelt på mottaket som skaper etiske dilemma. I oppgåva har eg valt å fokusere på spenningsfeltet mellom hjelp og kontroll, der sosialarbeidaren på den eine sida har eit omsorgsansvar og på den andre sida skal vere myndigheitene si forlenga arm. Ein kritisk reflekterande praksis kan vere ein føresetnad for tryggleik og forutsigbarheit kring den profesjonelle yrkesrolla. Fokus i oppgåva er korleis sosialarbeidarar frå ein miljøterapeutisk kontekst kan fremje livskvalitet hos einslege mindreårige i venteperioden.

Nøkkelord: asylmottak, livskvalitet, miljøterapi, einsleg mindreårig, resiliens, kultursensitivitet

Innholdsliste

1.0 Innleiing	1
1.1 Problemstilling og avgrensing.....	1
1.2 Bakgrunn for val av tema og sosialfagleg relevans.....	2
1.3 Framgangsmåte og kjeldekritikk	2
1.4 Oppgåvestruktur	3
2.0 Einslege mindreårige asylsøkjjarar – ei sårbar gruppe	4
2.1 Kven er dei?.....	4
2.2 ”Eit liv på vent”	5
3.0 Teoretiske perspektiv og omgrep	6
3.1 Miljøterapi	6
3.2 Resiliens	8
3.3 Kulturkompetanse og kultursensitivitet.....	9
3.4 Traumer og traumebevisst omsorg	11
3.5 John Bowlby sin tilknytningsteori.....	14
3.6 Erik H. Erikson sin psykososiale stadieteori	15
3.7 Lipsky sin teori om bakkebyråkrati.....	15
4.0 Drøfting	16
4.1 Offer eller løvetannbarn?.....	16
4.2 Kven skal eg vere her?	18
4.3 ”Oss” og ”dei andre”	20
4.4 Hjelp og kontroll	22
5.0 Avsluttande refleksjonar	24
6.0 Kjeldeliste	26

1.0 Innleiing

Gjennom sosiale medium høyrer vi om kriser og konflikter i verda som tvingar millionar av menneske på flukt. 70,8 millionar menneske er på flukt i verda i dag, og ein antek at rundt halvparten er born (Flyktninghjelpen, 2019). I 2015 opplevde Noreg den største flyktningkrisa etter 2.verdskrig. Dette året kom over 30.000 flyktningar til landet, og over 5500 var born utan vaksne omsorgspersonar (Amundsen, 2016). Det vart venteleg ei utfordring for helse- og omsorgssektoren å gje alle desse einslege borna eit meningsfullt liv fylt av mestring og utvikling. Grunna innstrammingstiltak i asylpolitikken har det siste åra vore tydeleg nedgang i einslege mindreårige asylsøklarar som kjem seg til Noreg (Det kongelige justis- og beredskapsdepartementet, 2016, s. 12). Slik situasjonen er no kan vi tenkje oss at det berre er spørsmål om tid før det igjen kjem fleire einslege mindreårige asylsøklarar hit. Vi må då vere førebudde til å møte dei i deira ståstad. Ifylgje FO sitt yrkesetiske grunnlagsdokument (2015, s. 2) skal sosionomar ha solidaritet for utsette grupper og skape livskvalitet for alle. Helsedirektoratet omtalar livskvalitet som både subjektive og objektive aspekt. Den subjektive livskvaliteten overlappar særleg psykisk helse og den objektive levekår. I oppgåva tek eg utgangspunkt i at livskvalitet omhandlar å ha ei grunnstemning av glede, oppleve mestring og mening, handtere kvardagslivet sine utfordringar, ha god helse, kunne utvikle seg, kjenne tilhørnad og ha positive mellommenneskelege relasjonar (Nes, Hansen, & Barstad, 2018, s. 8). Denne oppgåva handlar om korleis sosialarbeidarar gjennom ei miljøterapeutisk tilnærming kan fremje livskvalitet hos einslege mindreårige asylsøklarar i venteperioden.

1.1 Problemstilling og avgrensing

Problemstillinga er fylgjande: *Korleis kan sosialarbeidarar arbeide frå eit miljøterapeutisk perspektiv for å fremje livskvalitet hos einslege mindreårige asylsøklarar i venteperioden?*

Eg vil ha fokus på einslege mindreårige asylsøklarar i alderen 15-18 år som bur i ordinære statlege mottak, der situasjonen deira om opphald er uavklart. Dei har "eit liv på vent". Eg vil sjå på korleis sosialarbeidaren kan bidra til livskvalitet for dei einslege mindreårige gjennom ei miljøterapeutisk tilnærming. Vidare i oppgåva kjem eg til å omtale brukargruppa som asylsøklar, einsleg mindreårig eller ungdommen.

1.2 Bakgrunn for val av tema og sosialfagleg relevans

Tema kan knytast til både personleg og fagleg relevans. Etter å ha jobba eit år på ordinært asylmottak for einslege mindreårige asylsøkjjarar fekk eg eit brennande engasjement for denne brukargruppa. Eg erfarte at ei miljøterapeutisk tilnærming med fokus på mestring for den enkelte er naudsynt for å fremje livskvalitet. Etter flyktningkrisa med oktoberborna i 2015 vart det diskutert rundt manglande kunnskap for å arbeide med denne brukargruppa med så tung bagasje (Varvin, 2019, s. 31). Slik situasjonen er i skrivande stund kan det vere eit spørsmål om tid før vi opplever ei ny flyktningkrisa. Eg ser difor viktigheita av å setje dette tema på dagsorden.

Studieplanen til Høgskulen i Volda understrekar at vi som ferdig utdanna sosionomar skal ha kompetanse om blant anna ”internasjonalisering og kultursensitivitet” (Høgskulen i Volda, 2020). Temaet er fagleg relevant også fordi ein møter denne brukargruppa i dei fleste fagprofesjonar som ferdig utdanna sosionom, som til dømes gjennom flyktningtenesta i kommunen, på NAV, i barnevernet og oppvekstsektoren. Rammeplanen for sosionomar legg til grunn at sosionomar skal ”*kunne arbeide med mennesker med ulik virkelighetsoppfatning og ha evne til yrkesutøvelse i flerkulturelle kontekster*” (Utdannings- og forskningsdepartementet, 2015, s. 17). Temaet sin faglege relevans kan ein også begrunne med eit av dei største kunnskapsområda for sosialarbeidarar; å kunne sjå individuelle utfordringar i lys av strukturelle og samfunnsmessige forhold.

1.3 Framgangsmåte og kjeldekritikk

Eg har brukt litteraturstudie som framgangsmåte i oppgåva. Det er ein metode basert på sekundærdata, der eg forskar ved å sjå på tidlegare litteratur. For å finne aktuell faglitteratur og forskning leita eg i pensumbøker og andre fagbøker, samt nytta databasar som Fontene forskning, Oria og Idunn. Eg søkte på nøkkelord som asylmottak, livskvalitet, miljøterapi, einsleg mindreårig, resiliens og kultursensitivitet. I tillegg leita eg systematisk i litteraturlister i relevante bøker, artiklar og tidlegare master-oppgåver om emnet. Nettsidene til Flyktninghjelpen, Statistisk sentralbyrå og FN har eg brukt for å finne relevant informasjon og statistikk. Noko av litteraturen er primært retta mot familiar på flukt og flyktningar som har fått opphald, men eg har likevel valt å bruke det ettersom det er grunn til å tru at ein kan finne overførbare likheitstrekk til dei einslege mindreårige. Eg har hatt fokus på at artiklane som

vert brukt i oppgåva er fagfelleverderte. Kjeldene eg har brukt er relativt nye, der mange er oppdaterte dei siste åra.

Sentrale bidragsytarar som skriv om einslege mindreårige asylsøkjjarar er Ketil Eide, Berit Berg, Sverre Varvin, Hilde Lidén og Marko Valenta. Når det gjeld forskning og kunnskap vedrørende temaet, har det dei seinare åra vore fleire studiar med ressursfokus, og omgrep som resiliens og meistring har supplert eit tidlegare einsidig fokus på traume og sjukdom (Svendsen, Berg, Paulsen, Garvik, & Valenta, 2018, s. 76). Sjølv om forskning på einslege mindreårige sine levekår, helse og psykososiale situasjon etter kvart er ganske omfattande, veit vi likevel lite om utviklinga over tid (Svendsen, Berg, Paulsen, Garvik, & Valenta, 2018, s. 81). Eg har avgrensa meg til å studere mest norsk litteratur og forskning, og det kan vere at utanlandske kjelder finn andre meiningar.

Sentralt i hermeneutikken er at alle menneske innehar sin eigen forståingshorisont. På den måten kjem ein ikkje utanom at vi er lite objektive. Gjennom heile prosessen har eg difor vore kritisk til fagstoff eg har valt å bruke i oppgåva. Alle har vi med oss noko i vår bagasje. Forforståinga mi er prega av at eg har arbeida på asylmottak for einslege mindreårige. Eg vil gjere det tydeleg at dette speglar seg i val av litteratur til oppgåva. Samstundes vil eg peike på at eg er klar over at sosionomutdanninga påverkar korleis eg tenkjer om menneske i vanskelege situasjonar.

1.4 Oppgåvestruktur

Oppgåva er inndelt i fem kapittel. I kapittel 2 presenterer eg kven dei einslege mindreårige asylsøkjjarane er, samt skildrar venteperioden på mottaket. Eg inkluderer også nokre juridiske rammefaktorar. Kapittel 3 inneheld teoretiske perspektiv og omgrep som bakteppe for det miljøterapeutiske arbeidet med dei einslege mindreårige. I kapittel 4 drøftar eg problemstillinga i lys av teoretiske perspektiv frå kapittel 3. Her vil eg trekkje inn erfaringar frå eigen praksis. Gjennomgåande tek eg føre meg etiske dilemma. Kapittel 5 inneheld avsluttande refleksjonar.

2.0 Einslege mindreårige asylsøkjjarar – ei sårbar gruppe

2.1 Kven er dei?

I daglegtalet vert omgrepa asylsøker og flyktning gjerne brukt om kvarandre. Ifylgje UDI er einslege mindreårige asylsøkjjarar *”barn og unge under 18 år som kommer til Norge for å søke asyl uten å ha følge av foreldre eller andre som utøver foreldreansvar for dem”*

(Utlendingsdirektoratet, 2020). Flyktning vert derimot etter FN sin flyktningkonvensjon definert som *”en person som har flyktet fra sitt hjemland og med rette frykter for forfølgelse på grunn av rase, religion, nasjonalitet, politisk oppfatning eller tilhørighet til en bestemt sosial gruppe”* (FN-sambandet, 2019).

Verdserklæringa om menneskerettigheitene artikkel 14 seier at *”enhver har rett til i andre land å søke og ta imot beskyttelse mot forfølgelse”* (FN-sambandet, 2019). Migrasjon betyr inn- og utvandring, eller med andre ord flytting frå ein stad til ein annan (Aadnesen & Hærem, 2007, s. 83). Vi kan sjå ulike motiv for flukt. Innan migrasjonsforskinga vert det snakka om ”push”- og ”pull”-teoriar. Dette er teoriar der individet som rasjonell aktør drøftar fordelar og ulemper ved å legge ut på flukt frå eigen heimstad, og kva som kan påverke beslutningane dei tek. ”Push”-faktorane er dei som fører til flytting, medan ”pull”-faktorane er dei som held individet tilbake. Ein kritikk til teoriane er at dei forutset valmoglegheit for enkeltindividet, noko som for mange ikkje er realistisk i røynda (Eide, 2020, s. 38). Eit viktig skilje vert mellom dei som flukta frivillig og dei som har tvungen migrasjon. Nokre fluktar som fylgje av ytre faktorar som krig, vold, fattigdom og anna elendigheit, medan for andre har indre faktorar som søken etter det gode liv vore avgjerande (Øien, 2010, s. 6). Felles for dei er at dei søker etter betre livsvilkår i Vesten.

Statistikk frå siste tiåra viser at einslege mindreårige som kjem til Noreg oftast kjem frå Afghanistan, Syria, Eritrea, Somalia, Irak, Etiopia eller Sri Lanka. Når det gjeld kjønn er 8 av 10 gutar, men fordelinga er noko likare når dei kjem frå afrikanske land (Statistisk Sentralbyrå, 2018). Kvar som vert siste stoppestad på fluktruta er oftast tilfeldig. Sjølv om kvar einskild gjerne har sine strategiar og tankar, kan ytre omstende som innvandringspolitikk og grensekontrollar i dei ulike landa, i tillegg til menneskesmuglarar og andre menneske dei møter undervegs på flukta, setje føringar for val av destinasjon (Øien, 2010, s. 8).

Dei einslege mindreårige har ofte mange fellestrekk i sin livssituasjon, men vi må likevel sjå på dei som ei heterogen gruppe med ulike historier. Dei har ulike etnisitet, religion og personlege eigenskapar. Det er også store skilnader i deira sosioøkonomiske bakgrunn (Eide, 2020, s. 30). Det er forskjell på å kome frå storbyen i Kabul og vere analfabet frå landsbygda. Eit fellestrekk er at asylsøkjjarane er minoritetar i Noreg.

2.2 "Eit liv på vent"

Dei einslege mindreårige finn seg i ein ekstraordinær livssituasjon prega av uforutsigbarheit, usikkerheit og mangel på kontroll. I ventetida på mottaket har dei "eit liv på vent", eller som eg har erfart at dei sjølve ofte kallar det; "eit liv i limbo". Tilveret deira kan skildrast som ei liminalfase, ei form for overgangsfase prega av midlertidigheit (Berg, 2012, s. 25). Flukta er avslutta, men busetjinga har ikkje starta (Bengtson & Ruud, 2013, s. 187). Ein kan seie at dei einslege mindreårige finn seg i velferdsstaten sitt venterom (Berg, 2012, s. 17). Det er nærliggjande å relatere liminaliteten til marginaliserande prosessar der aktørane bevegar seg på utsida av samfunnet. Marianne Opaas (2019, s. 121) viser til forskning som fortel at det som skjer etter ankomst har stor innverknad på dei einslege mindreårige sin livskvalitet. Her kan vi tenkje oss kjensler av makteslausheit og mykje frustrasjon, sorg og sakn, helsesjekkar og alderstestar, dårleg økonomi, samt levekåra i mottak. Forholda i norske asylmottak er nøkternt utforma med tanke på midlertidig innkvartering (Lidén, Eide, Hidle, Nilsen, & Wærdahl, 2013, s. 68). Her kan det vere relevant å stille spørsmål til kva som eigentleg er bra nok buforhold for einslege mindreårige (Berg & Tronstad, 2015, s. 50). Skal ein samanlikne med forholda i heimane til barn og unge i Noreg, eller skal ein samanlikne med flyktningleirar ute i verda? Norske myndigheiter har fått hard kritikk for unødvendig lang saksbehandlingstid (Berg, 2012, s. 23). Likevel ser ein at venteperioden ofte varer opptil fleire år (Eide, 2020, s. 33). Utlendingslova § 95 (2008) gjev dei einslege mindreårige rett til ein stad å bu i venteperioden. Medan barnevernet på oppdrag frå Bufdir har ansvar for omsorga for dei einslege mindreårige under 15 år, har Utlendingsdirektoratet ansvaret for dei mellom 15-18 år (Eide & Lidén, 2012, s. 187). Normer for kompetanse, ressursar, standard og bemanning i dei statlege mottaka viser seg å vere lågare enn for dei under Barnevernet sitt ansvar (Sønstrerudbråten, Tyldum, & Raundalen, 2018, s. 29). Burde det vore slik at barnevernet hadde omsorgsansvaret også for dei over 15 år?

Ungdommane opplever ikkje berre usikkerheit i høve eigen livssituasjon. Naturleg nok omhandlar dei mørke tankane også situasjonen i heimlandet. Korleis har familien det? Er alle i livet? Vert barndomsheimen bomba i dag? Dårlig telefonforbindelse i heimlandet kan gjere det vanskeleg å halde stabil kontakt. Det er ei stor oppgåve for dei einslege mindreårige å skulle tilpasse seg det nye samfunnet med heilt andre kulturelle koder, og utfordringa vert nok enda større når psykiske plager, sorg over tapet og bekymringar over situasjonen i heimlandet tek overhand (Varvin, 2015, s. 208).

3.0 Teoretiske perspektiv og omgrep

I dette kapittelet presenterer eg teoretiske perspektiv og omgrep som kan bidra til å forstå korleis migrasjon og det å ha eit liv på vent i ein ny kulturell kontekst påverkar den enskilde sin livskvalitet.

3.1 Miljøterapi

Omgrepet miljøterapi er todelt; miljø og terapi. Medan miljødelen omhandlar korleis ein kan bruke miljøfaktorar som det fysiske miljøet og miljøterapeuten sjølv for å leggje til rette for utvikling, handlar terapidelen om kva endring og utvikling ungdommen treng (Amble & Dahl-Johansen, 2019, s. 32). Miljøterapien si primære oppgåve er å skape betingelsar for endring og utvikling hos den enkelte ungdom (Larsen, 2018, s. 24). Miljøterapi kan forståast som ein fagideologi framfor ein metode (Lillevik & Øien, 2018, s. 77). Typiske kjerneelement er å danne gode relasjonar med kvar enkelt ungdom, oppretthalde håp, vitalitet og fagleg engasjement, samt stå i og reflektere over dei kjenslemessige påverknadane i arbeidet med dei einslege mindreårige (Skårderud, Haugsgjerd, & Stänicke, 2018, s. 214). I tillegg er den miljøterapeutiske grunnstrukturen eit betydningsfullt element i det terapeutiske miljøet (Schjødt & Heinskou, 2016, s. 42). Miljøterapien utspelar seg innanfor rammene på asylmottaket, men vi arbeidar frå ein miljøterapeutisk ståstad også innan aktivitetar som føregår utanfor sjølve mottaket. Miljøterapeuten brukar eitkvart augeblikk (Lillevik & Øien, 2018, s. 78). Målsetjinga er at individet skal bli i stand til å takle livet sine påkjenningar (Amble & Dahl-Johansen, 2019, s. 21).

Miljøterapi kvilar på eit teoretisk grunnlag, og er forankra innan psykodynamisk utviklingspsykologi (Larsen, 2018, s. 22). Samstundes er miljøterapeutisk arbeid kjenneteikna av spontanitet og personlig touch ettersom ein aldri kjem utanom haldningane og tenkinga til

den enkelte sosialarbeidar (Skårderud, Haugsgjerd, & Stänicke, 2018, s. 207). Eit mål innan miljøterapi er å skape ein reflekterande kultur som smittar heile organisasjonen.

Miljøterapeutane på asylmottaket bør reflektere både over seg sjølve, teoriar, verdiar og dei strukturelle rammene. Vi kan seie at miljøterapi er summen av praksis og dei systematiske refleksjonane kring praksisen (Skårderud & Sommerfeldt, 2018, s. 31). Den kompetente miljøterapeuten set farge på arbeidet ved å bruke seg sjølv på fagleg gjennomtenkt vis (Skårderud & Sommerfeldt, 2018, s. 139). Bengtson og Ruud (2013, s. 194) skriv at det som kjenneteiknar ein dyktig miljøterapeut er at ein har ei optimistisk haldning, er fleksibel utan å gje etter for lett, sensitiv utan å miste den profesjonelle distansen og klarer å vise autoritet utan å vere undertrykkjande. Å vere miljøterapeut kan vere krevjande ettersom ein møter aggressiv utagering, sabotasje og angst som ungdommane over tid kan ha utvikla som overlevingsstrategi grunna vanskelege oppvekstvilkår (Skårderud, Haugsgjerd, & Stänicke, 2018, s. 210). Bion sitt omgrep projektiv identifikasjon går ut på at smerte transporterast frå ein person til ein annan, til dømes frå brukaren til sosialarbeidaren (Skårderud, Haugsgjerd, & Stänicke, 2018, s. 216). Dette understrekar viktigeita av eit trygt klima utan skam i kollegiet der vanskelege kjensler kan delast (Amble & Dahl-Johansen, 2019, s. 141).

Ifylgje Skårderud og Sommerfeldt (2018, s. 110) er eit eksplisitt mål innan miljøterapien å stimulere til mentalisering hos både sosialarbeidarane og bebuarane. Mentaliseringsteorien er relativt ny, og utforma av den engelske psykoanalytikaren Peter Fonagy. Mentalisering handlar om å sjå seg sjølv frå utsida og andre frå innsida. Fonagy definerer mentalisering som ”*holding mind in mind*” (Wallroth, 2011, s. 11). Vi kan snakke om eksplisitt mentalisering om det bevisste og implisitt mentalisering om det ikkje-bevisste (Skårderud & Sommerfeldt, 2018, s. 58). Danning av identitet er knytt til mentalisering, ein må ha ei kjensle av å vere aktør i eige liv (Wallroth, 2011, s. 57). Mentalisering er ein grunnleggjande del av vår sosiale kompetanse og avgjerande for å klare seg i ei sosial verd (Skårderud, Haugsgjerd, & Stänicke, 2018, s. 92). Mentalisering kan sjåast på som ei form for kjenslemessig kunnskap, og god mentaliseringsevne kan bidra til betre affektregulering (Skårderud & Sommerfeldt, 2018, s. 62). Hemma utvikling av mentaliseringsevne er bunde saman med former for psykopatologi, herunder også traumer (Skårderud, Haugsgjerd, & Stänicke, 2018, s. 95). Det er eit tett forhold mellom trygg tilknytning og god mentaliseringsevne. Fonagy med fleire har vidareutvikla tilknytingsmodellen til at tilknytning ikkje berre bidreg til overleving, men til den viktige sosiale nøkkelkompetansen mentalisering (Skårderud & Sommerfeldt, 2018, s. 68). Evna til mentalisering vert avslått når forsvarssystemet vert aktivert. Mentaliseringssvikta kan

føre til at ungdommen havnar i førmentaliserande tankesett som psykisk ekvivalens, førestillingsmodus eller teleologisk forståing (Wallroth, 2011, s. 67).

3.2 Resiliens

Resiliens er eit globalt og verdsomspennande fenomen som har blitt meir vanleg å bruke innan det sosialfaglege arbeidet dei siste åra. Omgrepet kjem frå det engelske ordet ”resilience”, og kan omtalast som ei motstandskraft mot å utvikle psykisk uhelse. Borge definerer resiliens som ”*god fungering tross risiko*” (Borge, 2018, s. 18). Ei anna forklaring kan vere at born fungerer normalt under unormale forhold (Borge, 2018, s. 11).

Resiliensforskinga sitt opphav er henta frå Kauai-undersøkinga, eit longitudinelt studie der Emmy Werner og Ruth Smith følgde opp ei gruppe born under kummerlege forhold på Hawaii-øya Kauai, for å finne ut kva som karakteriserte dei som tross vanskelege forhold og risiko greidde seg bra (Borge, 2018, s. 12).

Risiko er ein føresetnad for at resiliens skal finne stad. Det er vanleg innan resiliensteorien å skilje mellom individuelle-, familiemessige- og samfunnsbaserte risikofaktorar (Borge, 2018, s. 68) Individuelle risikofaktorar er forhold ved enkeltindividet, som personlegdom, IQ, temperament, alder og kjønn (Bengtson & Ruud, 2013, s. 189). Når det gjeld familiemessige risikofaktorar er dette risiko knytt til familieforholdet. Her kan vi snakke om omsorgssvikt og mishandling, mangelfull grensesetting, rusmisbruk, samt dårleg psykisk og somatisk helse (Borge, 2018, s. 72). Samfunnsbaserte risikofaktorar er faktorar knytt til kultur og samfunn. Fattigdom, naturkatastrofar, terrorangrep og anna kriminalitet er døme på slike risikofaktorar (Borge, 2018, s. 74). Beskyttelsefaktorar kan sjåast som ein motsetnad til risikofaktorane, og er faktorar som er med på å verne den einslege mindreårige mot framtidig negativ psykososial utvikling. Dette kan vere gode relasjonar og sosiale nettverk, omsorgsfull og konsekvent oppseding, medfødd robustheit og trygge samfunnsforhold (Kvelling, 2019, s. 246). Ein ser at resiliens er ein prosess som vert påverka av fleire faktorar både i og utanfor individet (Varvin, 2015, s. 212).

Mestring er knytt tett opp mot resiliensteorien. Mestring kan ikkje erstatte resiliens-omgrepet, men er eit verkemiddel for å oppnå resiliens. Risikodimensjonen er ikkje naudsyn å vere til stades i mestring, slik den må innan resiliensteori (Borge, 2018, s. 28). Mestring kan lærast,

og kan sjåast på som ein av fleire viktige beskyttelsefaktorar (Kristoffersen, 2019, s. 148). Eit anna nært beslektta omgrep til resiliens er ”løvetannbarn”. Dette er barn som klarer seg mot alle odds. Ein løvetann kan vekse opp gjennom asfalten utan motstand. Om ein skal vende eit kritisk blikk på omgrepet ”løvetannbarn”, kan ein setje spørsmålsteikn til at barnet i seg sjølv ikkje er nok til å utvikle ei motstandskraft. Då kan ein heller snakke om ei løvetanneng, ikkje berre éin løvetann. Fleire element må vere på plass for å få ein løvetann til å vekse, samstundes som at fleire forhold i miljøet må vere til stades før ein ungdom kan utvikle resiliens (Borge, 2018, ss. 27-28).

Antonovsky (1987) har utvikla omgrepet ”a sence of coherence”, som kan omsetjast til oppleving av samanheng. Det å ha eit heilskapsperspektiv handlar om å sjå ulike utfordringar og ressursar innan ulike livsområder, og byggje bru mellom fortid, notid og framtid (Svendsen, Berg, Paulsen, Garvik, & Valenta, 2018). Tre sentrale element for oppleving av samanheng er handterbarheit, meining og forståing. Handterbarheit går ut på å finne løysingar på utfordringar, meining handlar om kva grad ein har eit meiningsfullt kvardagsliv som er kjelde til personleg tilfredsstilling, og forståing omhandlar kva grad ein opplever at ytre stimuli er kognitivt forståeleg. ”A sence of coherence” bygg på eit salutogenetisk perspektiv, der ein har merksemda på det som fremjar god helse framfor patogenese som har eit sjukdomsperspektiv (Borge, 2018, ss. 30-31).

3.3 Kulturkompetanse og kultursensitivitet

I Noreg sitt fleirkulturelle samfunn kjem ein ikkje utanom temaet kultur i møte med etniske minoritetar. Kultur er eit komplekst omgrep med mange definisjonar, og kan seiast å vere eit av dei mest diskuterte omgrepa innan samfunnsfaga (Eriksen, 2014, s. 60). Kultur kan forståast som eit sett av felles forståingar, normer og verdiar i ei gruppe (Magelssen, 2017, s. 53). Ein annan måte å forstå kultur er det som gjer kommunikasjon og sosial samhandling mogleg (Eriksen, 2015, s. 35). Kultur kan også forståast som det som gjer menneske til menneske (Thorbjørnsrud, 2019, s. 212). Raske endringar i kjølvatnet av globaliseringa gjer at vi ikkje kan ha eit statisk syn på kultur, då kultur heile tida er i endring (Kipperberg, 2015, s. 34). Kultur er ikkje noko du er, men noko du har levd i og lært gjennom livet (Holt, 2019, s. 42). Kultur kan vere både synleg og usynleg. Den synlege delen i mange av dei einslege mindreårige sin kultur kan ein sjå i form av religiøse skikkar som å be på bønneteppe dagleg

og ikkje ete svinekjøt, samt tradisjonsbundne kle som hijab og smykker. Til samanlikning kan vi tenkje at å vere fødd med ski på beina, ete brunost og nytte bunad som festdrakt som typisk norsk kultur. Den usynlege kulturen gjeld normer, verdiar og haldningar. Døme på dette kan vere betydinga av religion og fellesskapet i kollektivistiske samfunn (Aadnesen & Hærem, 2007, s. 53).

Kultursensitivitet vektlegg respekt og forståing for andre sine verdiar og at alle er unike. Magelssen (2017, s. 18) hevdar at ein kultursensitiv praksis stiller krav til å sjå etter likskapen i skilnadane. Oppriktig nysgjerrig haldning om andre sin kultur, deira heimland og ritual kan vere med på å skape nærleik og minske avstanden mellom ”oss” og ”dei”. Vi kan her kome inn på spenninga mellom kulturelative og etnosentrisme. Kulturelative handlar om at der ikkje er nokon objektiv standard og at ein må forstå kvar enkelt kultur ut frå deira eigen sosiokulturelle kontekst (Thorbjørnsrud, 2019, s. 280). Ein kan sjå kultursensitivitet og ei kulturelative haldning som ein slags motsetnad til etnosentrisme. Etnosentrisme går ut på at eiga gruppe er sentrum for alt, og at ein brukar egne verdiar som målestokk for å vurdere andre. Ein forstår andre sine handlingar ut frå eiga verkelegheitsoppfatning (Skytte, 2019, s. 65). Eit stadig aukande multikulturelt samfunn stiller større krav til interkulturell kompetanse i arbeid med menneske. Interkulturell kompetanse kan ein skildre som å kunne kommunisere passande og meningsfullt med menneske med annan etnisk bakgrunn eller tankesett (Dybedahl & Bøhn, 2017, s. 14).

Kollektivisme og individualisme kan sjåast på som to måtar å forhalde seg til verda på (Brodtkorb & Rugkåsa, 2019, s. 26). Innan eit moderne samfunn med individualistiske trekk er den grunnleggjande ideologien at kvart enkelt individ skal ta ansvar for eige livsopphald og utvikling av sjølvstendigheit, individualitet står altså i sentrum (Skytte, 2019, s. 89). I ein meir tradisjonell kollektivistisk orientert kultur er det derimot sterkt samhald og ære i heile den utvida familien og fellesskapet som står i sentrum (Dahl, 2015, s. 252). Kollektivistisk og individualistisk livssyn viser skilnadar i oppseding av barn og unge i form av omsorg og kommunikasjon. Til dømes vert det innan kollektivisme lagt vekt på å oppdra gutar og jenter forskjellig, medan det i eit meir moderne individualistisk samfunn vert lite vektlagt å gjere skilnadar i oppsedinga mellom kjønna. I tillegg viser det seg mellom anna å vere ulik prosentdel for kor mykje foreldra er med den unge og om dei søv saman eller åtskilt, samt skilnadar i bruk av irettesettingar og ros (Hundeide, 2014, s. 90).

Eit for stort fokus på kulturkompetanse og kultursensitivitet kan føre til kulturalisering. Einsidig kulturelle attribusjonar kan forenkle ofte kompliserte årsaksforhold ved å overskygge aspekt som rase, kjønn og andre sosiale og strukturelle forhold (Rugkåsa, Ylvisaker, & Eide, 2017, s. 56). Kulturalisering tek altså føre seg ei reduksjonistisk og einsidig forståing på sosiale problem der ein har kultur som grunngeving. Ei slik generalisering av kultur kan fungere som ein snarveg i ei rekkje situasjonar, og kan føre til at ein overser viktige element og kompleksiteten i ein heilheitleg kontekst i eit menneskeliv (Rugkåsa, Eide, & Ylvisaker, 2015, s. 3).

3.4 Traumer og traumebevisst omsorg

Omgrepet traume kjem frå gresk og tyder sår (Holt, 2019, s. 28). Vi kan seie at traumatisering er noko som trenger seg gjennom psyka sin beskyttande membran (Varvin, 2015, s. 104). Alle har sin subjektive reaksjon på potensielle traumatiserande hendingar (Varvin, 2015, s. 85). Traumer omfattar eit vidt spekter av hendingar, og vi kan skilje mellom akutte enkeltstående traumer og komplekse- eller utviklingstraumer som varer over tid (Bræin & Christie, 2020, s. 259). Einslege mindreårige asylsøkjjarar kan i ei ofte brutal og risikofylt flukt vere direkte eller indirekte eksponert for møte med potensielt traumatiserande erfaringar, som krig, vold, overgrep og andre eventuelt skadelidande situasjonar. Sett i eit livsløpsperspektiv viser Siri Thoresen og Mia Cathrine Myre til studiar som fortel at traumatiske hendingar i barndommen er knytt til auka risiko for psykisk uhelse og redusert livskvalitet i vaksenaldar. Ein kan ut frå dette seie at ”tida leger ikkje alle sår” (Thoresen & Myhre, 2016, s. 150). Eit sår kan gro, men arr forsvinn aldri.

Psykiske lidningar kan verte utløyyst eller forverra av den auka stressproduksjonen og belastningane som eit eksiltilvere kan innebere (Varvin, 2018, s. 32). Ein ny studie viser at fire av ti einslege mindreårige har betydelege psykiske vanskar (Pileberg, 2020). Vanlege symptom og lidningar hos asylsøkjjarar viser seg å vere blant anna uavklart smerter, angst og depresjon, dissosiasjon, posttraumatisk stresslidning (PTSD), samt personlegdomsendringar og kognitive- og nevrobiologiske forstyrringar (Varvin & Lien, 2019, s. 285). Ved dissosiasjon som forsvarsmekanisme kan ungdommen flykte frå eigen kropp og smerte, som gjer at det oppstår ei splitting i sjølvet, og på den måten kan dei mestre den traumatiske situasjonen betre (Varvin, 2015, s. 81). Diagnosesystemet ICD-10: F43.1 viser at posttraumatisk

stresslidning sine symptom handlar om at ein må ha opplevd noko som er utanfor det vanlege, og som er vanskeleg smerteleg for om lag alle menneske. Det er vanleg at dei med PTSD får invaderingssymptom som "flashbacks" eller mareritt. Dette kjem til syne som vanskar i høve søvn, konsentrasjon, sinne og auka fysiologiske reaksjonar. Auka irritabilitet og skvettenheit er vanleg. Eit anna forhold er at dei unngår situasjonar som ein kan forbinde med den traumatiske hendinga (Skårderud, Haugsgjerd, & Stänicke, 2018, s. 450). Ein kritikk av PTSD er at den er anklaga for å vere for lite kultursensitiv. I tillegg har det vore ein tendens til at sjølve diagnosen er eit kriterium på at den enkelte er traumatisert, noko som er viktig å avklare at ikkje er tilfelle (Varvin, 2018, s. 32). Sjølv om mange utviklar psykisk uhelse, er det likevel nokre som lærer av det smertefulle og kjem styrka ut av traumatiske hendingar. Ein kan seie dei har hatt ein posttraumatisk vekst. Traumer kan dermed gje grobotn for vekst og personleg utvikling. Grunnleggjarane av omgrepet posttraumatisk vekst, dei amerikanske psykologane Richard Tedeschi og Lawrence Calhoun, understrekar likevel at det ikkje er den traumatiske hendinga i seg sjølv som fører til posttraumatisk vekst, men som konsekvens av bearbeidinga av den traumatiske opplevinga (Hafstad & Glad, 2016, s. 78).

Når ein arbeidar på asylmottak bør ein ha naudsynt kompetanse kring traumebevisst omsorg. Ein må sjå på traumebevisst omsorg som ei verdiforankra forståingsramme, heller enn ein metode. Ein grunntanke i traumebevisst omsorg er å bidra til utviklingsstøttande prosessar for ungdommar med traumeerfaringar i bagasjen (Amble & Dahl-Johansen, 2019, s. 69). Dei tre grunnpilarane innan traumebevisst omsorg er ifylgje grunnleggjar Howard Bath tryggleik, relasjon og kjensleregulering. Tryggleikspilaren går ut på at dei vaksne fokuserer på genuin oppleving av tryggleik, både fysisk, relasjonell, emosjonell og kulturell. Relasjonspilaren omhandlar viktigheita av forholdet til andre menneske og går ut på å danne gode menneskemøter i kvardagen der venskap kan vare over tid. Kjenslereguleringspilaren handlar om å finne sunne måtar å hjelpe ungdommen til å handtere sanseintrykk og påtrengjande tankar. Ungdommane må få hjelp til å setje ord på og ufarleggjere kjenslene (RVTS Sør, 2020). Dei siste åra opererer ein med ein fjerde pilar, som Bath kallar mestring. Bakgrunnen for mestringspilaren er at også når born kjenner seg trygge, treng dei å trene på ferdigheiter som kan hjelpe dei å ta gode val i livet (Gustumhaugen, Dønnestad, & Steinkopf, 2017, s. 117).

Ut frå eit fenomenologisk perspektiv må relasjonen mellom oss som hjelparar og ungdommen vere grunnlaget for hjelpearbeidet. Som sosialarbeidarar finn vi oss her i eit innanfrå-

perspektiv, ettersom ein utanfrå-posisjon bidreg til det motsette av ei fenomenologisk forståing (Thommessen & Neumann, 2019, s. 17). I staden for å ha ei positivistisk og objektiverande haldning, bør det sosialfaglege arbeidet vere prega av ei subjektiv tilnærming. Vi må bruke mentaliseringsevna vår og forsøke å setje oss inn i den enkelte ungdommen sin livsverden (Jørgensen & Steinkopf, 2013, s. 11). Sandra Bloom seier at ”*vi må endre vår tenkning*”, og prøve å finne ut kva som ligg bak handlingane (Traumebevisst Omsorg, 2020). Av erfaring veit eg at einslege mindreårige i tida på mottaket kan utøve sjølvskading og utagerande åtferd. Smerte kan paradoksalt nok lindre smerte (Skårderud & Sommerfeldt, 2018, s. 251). Traumebevisst omsorg analyserer smerta bak åtferda (Gustumhaugen, Dønnestad, & Steinkopf, 2017, s. 119). Kan sjølvskadinga vere eit forsøk på å få utløp for smertefulle minner? Prøver dei å regulere sinne og redsel gjennom negativ åtferd?

Ein kan nytte toleransevindaugget som ei linse i arbeidet med traumatiserte asylsøkjjarar. Eit viktig omgrep er affektregulering. Traumatiserte barn kan ha utfordringar med å regulere kjenslene sine grunna tidlegare krenkande handlingar (Hagen, 2016, s. 29). Utviklingstraumatiserte born sitt toleransevindauge vil alltid vere smalt grunna ei nevrobiologisk skeivutvikling. Det sensitive alarmsystemet og den vedvarande trusselorienteringa gjer at dei lett fell utanfor den optimale aktiveringssona. Det skal lite til før dei anten kjem i ein hyperaktivert- eller hypoaktivert tilstand (Nordanger & Braarud, 2020, s. 85). Hyperaktiverte tilstandar er kjenneteikna av hjartebank, uro og frykt, sinne eller kort lunte, skjelving og ei generell kjensle av stress. Ungdommane vil gjerne reagere raskt og verte sinte over det som gjerne er bagatellar, samt tolke alt i verste meining. Hypoaktivering gjer at ein kjenner seg sløv, fjern eller likegyldig. På mottaket kan dette kome til syne som tilbaketrekking, og mange ligg i senga heile dagen (Nordmo, Savosnick, & Mekonen, 2019, s. 170). Eit anna verktøy ein kan nytte i arbeid med asylsøkjjarar er den amerikanske forskaren Paul MacLean sin modell om den tredelte hjerna (Gustumhaugen, Dønnestad, & Steinkopf, 2017). Den tredelte hjerna består av logikkhjerne, emosjonshjerne og overlevingshjerne (Nordanger & Braarud, 2020, s. 55). Når det sensitive alarmsystemet vert aktivert, koplar fornufta ut og reaksjonane fight-flight-freeze tek overhand; reaksjonen på trusselen vert anten å flukte, kjempe eller bli handlingslamma (Nordanger & Braarud, 2020, s. 59). Kunnskap om den tredelte hjerna kan inspirere sosialarbeidarar til utøving av meir etisk og sensitivt sosialfagleg arbeid (Thommessen & Neumann, 2019, s. 17).

3.5 John Bowlby sin tilknytningsteori

Levande vesen tiltrekkjer kvarandre gjennom tilknytninga si kraft. Ein kan seie at tilknytning er eit universelt prinsipp i naturen (Ruppert, 2020, s. 46). Vi kan skilje mellom ulike hovedmønster for tilknytning. Trygg tilknytning er når den psykologiske tilstanden til barnet forventar at omsorgspersonen vil gje respons trass fysisk avstand. Dei viser kjenslene sine ved gråt eller smil, i tillegg til å søke nærleik når farar truar og å utforske med avstand i trygge rammer (Evang, 2015, s. 199). Killén (2019, s. 42) skriv at ei trygg tilknytning kan sjåast på som ei vaksine for god utvikling, både når det gjeld det fysiske, emosjonelle, kognitive og sosiale. Det viser seg at psykologisk støtte ikkje er einaste fordelene born med trygt tilknytingsforhold til deira signifikante andre har, men at dei også har gode føresetnadar for god psykisk helse over tid (Smith, 2017, s. 163). Utrygg unnvikande tilknytning kan vi sjå ved at bornet ikkje gjev uttrykk for kjensler og gjerne unngår omsorgsperson ved gjenforening. Utrygg ambivalens tilknytning viser seg ved at barnet vekslar mellom å intenst ville ha kontakt og å uttrykke sinne mot eller skyve vekk omsorgspersonen. Desorganisert tilknytning vil seie at bornet har mangel på organisert tilknytingsstrategi, og er den mest alvorlige forma for utrygg tilknytning. Dei med desorganisert tilknytning har gjerne vanskar med affektregulering i situasjonar med stress, og er ofte på kanten av å miste kontrollen over eigen åtferd (Smith, 2017, s. 145).

Innan moderne tilknytningsteori kan vi sjå på John Bowlby som spedbarnspsykologien sin far, grunna hans forskning kring forståinga av verda til eit spedborn og tilknytingsprosessen (Bunkholdt, 2015, s. 78). Eit hovudtrekk i teorien er at den tidlege tilknytninga legg grunnlaget for tilknytingskvalitet og relasjonsdanning seinare i livet (Amble & Dahl-Johansen, 2019, s. 49). I teorien til Bowlby står omgrepet indre arbeidsmodellar sentralt. Modellane er sett av kognitive førestillingar bornet gjer seg om seg sjølv og andre av erfaringar i tilknytingsprosessen. Erfaringane vert generaliserte og dannar forventningar om korleis seinare kontaktetablering vil arte seg (Smith, 2017, s. 169). Det at omsorgspersonane er psykologisk tilgjengeleg for bornet er naudsynt for å oppnå tilknytning. Omsorgspersonane må nytte markert spegling av borna sine kjensleuttrykk, og slik skaper dei gjennom samspel tilknytingsrelevante handlingsstrategiar (Skårderud & Sommerfeldt, 2018, s. 77). I fylgje Bowlby sin teori er ei trygg base og ei trygg hamn naudsynt for at barnet si lausriving skal finne stad. Barnet treng ei trygg base som grunnlag for utforsking av omverda, og ei trygg

hamn å vende tilbake til når farar truar (Skårderud & Sommerfeldt, 2018, s. 75). Denne forståinga vil også vere viktig i arbeidet med ungdommane på mottaket.

3.6 Erik H. Erikson sin psykososiale stadieteori

Erik H. Erikson utforma åtte psykososiale stadier frå fødsel til alderdom. Teorien bygg på ein tanke om epigenese, som vil seie at mennesket normalt sett flyttar seg frå eit stadie til eit anna gjennom eit fast mønster i livsløpet (Bunkholdt, 2015, s. 69). Kwart stadie inneheld ei kjernekonflikt mellom ei positiv og ei negativ grunnhaldning. Utfallet av konflikten avgjer betydninga av korleis individet har det både i noverande stadie og føresetnadar dei tek med seg vidare. Om vi skal sjå einslege mindreårige ut frå Erikson sin teori er dei i det femte utviklingstrinnet; pubertet og overgangsalder. Kjernekonflikten er her identitet versus rolleforvirring. Vi kan snakke om at ungdommen opplever ei identitetskrise (Nielsen & Binder, 2017, s. 102). Erikson vektlegg identifisering som ei drivkraft i utviklingsprosessen. Det vil seie at individet prøver å likne sine førebileter, gjerne dei som ifylgje ungdommen har makt (Bunkholdt, 2015, s. 68). Han var i motsetnad til Freud oppteken av at ego vert forma både av og i høve det samfunnet individet oppheld seg i (Nielsen & Binder, 2017, s. 100).

3.7 Lipsky sin teori om bakkebyråkrati

Michael Lipsky presenterte i 1980 omgrepet ”bakkebyråkratar” eller ”street-level-bureaucrats” om offentleg tilsette som har direkte kontakt med brukarane (Lipsky, 2010, s. 3). Bakkebyråkratane er på oppdrag både frå brukaren og samfunnet, dei balanserer i spenninga mellom omsorgsutøving og regelorientering. På eine sida skal bakkebyråkraten ha samfunnsmessig kontroll og styring gjennom politiske føringar og strukturelle rammer, på andre sida skal dei vise solidaritet, hjelp og støtte overfor den enkelte brukar (Levin, 2015, s. 36). Ved at sosialarbeidaren vert plassert i midten av forventningar og påverknad frå mange kantar, kan det oppstå krysspress og forventningskonfliktar. Eit kjenneteikn ved bakkebyråkratar er utøving av skjønn (Djupvik & Eikås, 2016, s. 68). Skjønnsutøving handlar om å ”*vurdere ulike sider ved komplekse situasjonar, og kunne avveie mellom ulike interesser og hensyn*” (Fellesorganisasjonen, 2015, s. 8). Som bakkebyråkrat i eit profesjonsyrke innehar ein dermed makt. Max Weber definerer makt som «*evne til å kontrollere en annen persons atferd, også mot dennes vilje*» (Schiefløe, 2019, s. 210).

4.0 Drøfting

I dette kapittelet vil eg drøfte fylgjande problemstilling:

Korleis kan sosialarbeidarar arbeide frå eit miljøterapeutisk perspektiv for å fremje livskvalitet hos einslege mindreårige asylsøkjjarar i venteperioden?

I lys av teoretiske perspektiv og omgrep presentert i kapittel 3, vil eg drøfte korleis sosialarbeidarar på asylmottak kan fremje livskvalitet hos dei einslege mindreårige i venteperioden. Til slutt vil spenningsfeltet mellom hjelp og kontroll bli drøfta. Undervegs i kapittelet vil eg inkludere erfaringar frå eigen praksis og etiske dilemma.

4.1 Offer eller løvetannbarn?

Dei einslege mindreårige vert gjerne omtala som ei sårbar gruppe. Samstundes har dei ofte vore gjennom ei livsfarleg flukt på vegen til Europa. Dei har gjerne sett drukningsdøden i ein gummibåt over Middelhavet med eigne auge, vore utsett for menneskehandel, trossa tåregass og væpna grensevakter, klatra over piggtrådgjerder som skil landegrensene, samt hatt mangel på fysiologiske behov som mat og drikke over lang tid. Dette er faktisk dei som har overlevd den farefulle flukta, og er dei ressurssterke og handledyktige individa blant flyktingane. Kan ein då sjå på einslege mindreårige som har kome seg heilt hit som ein-sidedig sårbare offer? Kampen for tilveret er nok likevel ikkje over for mange av dei som kjem til Noreg. Det som møter dei er timelange asylintervju, alderstestar og andre kartleggingar. Dei har eit liv på vent, mellom integrering og retur. Dei einslege mindreårige som gjerne er sosialisert til meir kollektivistiske verdiar kan nok framstå som inkompetente i møte med det meir individualistiske Noreg (Larsen, 2018, s. 29). Gode intellektuelle evner har positiv innverknad på å lukkast i møte med det nye samfunnet og kan sjåast på som ein beskyttelsefaktor, då dette gjerne stiller auka krav til kulturell tilpassing, forståing av sosiale normer og koder, samt akademiske ferdigheiter (Bræin & Christie, 2020, s. 268). Sosialarbeidaren på asylmottaket bør heile tida ha i bakhovudet å underbyggje og auke grad av beskyttelsefaktorar, samt arbeide for redusert grad av risikofaktorar.

Betydinga av sosialt nettverk framstår som ein sentral beskyttelsefaktor og kan bidra til auka livskvalitet hos den einskilde ungdom (Sveaas, Reichelt, & Berg, 2019, s. 205). Bornet si tidlegare tilknytningserfaring og dermed relasjonskapasitet er blant dei beskyttelsefaktorane

som er særleg avgjerande for utvikling av resiliens, og det har vist seg at ei trygg tilknytning reduserer effekten av traumatiske hendingar (Bræin & Christie, 2020, s. 268). Dette er i samsvar med Bowlby sin tilknytningsteori, som seier at den tidlege tilknytninga i spedbarnsalder har avgjerande betyding for tilknytingskvaliteten og evna til å danne relasjonar seinare i livet. Samstundes kan den einslege mindreårige oppleve ei sorg over tapet av vennar og familie i heimlandet, og usikkerheit rundt situasjonen deira. Tilknytingsbelastning er ein del av migrasjon, og for mange vert denne belastninga meir komplisert grunna svik, krenking, truslar og eventuelle konflikhtar i nære relasjonar (Shaygani, 2019, s. 274). Varvin (2018, s. 113) viser til forskning som skildrar ulike tilknytingsmønster, og dermed ulike måtar å klare seg på. Likevel ser ein overvekt av unnvikande tilknytingsformer blant einslege mindreårige. Imidlertid samsvarer den balanserte, trygge tilknytninga nokre av dei einslege mindreårige har med funn i resiliensforskinga, nemleg evne til gode og emosjonelt viktige relasjonar der dei kan reflektere og ha tru på positiv endring i eigen livssituasjon. Ei viktig oppgåve for sosialarbeidaren vert her å hjelpe til med etablering av vennskap og mobilisering av nettverk rundt den enkelte ungdom. På den eine sida er dei einslege mindreårige på asylmottaket heldige som har kvarandre. Dei er alle i omtrent same aldersgruppe, situasjon og livsfase. På den andre sida er dette relasjonar som mest sannsynleg er midlertidige ettersom mottaket berre er ein stoppestad. Av den grunn kan det vere naudsynt å danne relasjonar til jamaldringar utanfor mottaket. Det er likevel ikkje så enkelt for alle. Framandgjering og haldningar i det norske samfunnet kan føre til mangel på innpass. Grunna haldningar til enkelte i majoritetsbefolkninga kan det vere utfordrande for asylsøkjjarane å danne gode vennskap med norske utanfor mottaket.

Ettersom einslege mindreårige står utan nære omsorgspersonar og det Mead kallar deira signifikante andre, kan sosialarbeidaren på mottaket fungere som ein slik betydingsfull vaksen. Amble og Johansen (2019, s. 12) hevdar at alternative omsorgspersonar kan utgjere ein skilnad for ungdom med komplekse traumer. Ungdommane treng nokon som verkeleg bryr seg. Nokon som trøystar og gjev støtte når dei er langt nede, gjev gode råd ved vanskelege val og kjem med oppmuntrande ord i kvardagen. Samstundes er sosialarbeidaren ei hjelpande hand ved praktiske oppgåver som leksegjering, matlaging, og råd til husvask og personleg hygiene. Det å danne gode relasjonar til dei einslege mindreårige kan seiast å vere ein føresetnad for å lukkast med kultursensitivitet i det sosialfaglege arbeidet. Ein kan nok tørre å påstå at tillit er bærebjelken i relasjonane. Spørsmålet er om den doble bakkebyråkratirolla til sosialarbeidaren kan undergrave tillitsrelasjonen? Eit råd

sosialarbeidaren kan gje til dei einslege mindreårige er å bruke ein bamse som støttespelar. Relasjonen til bamsen er stabil. Bamsen skal ikkje berre vere der i arbeidstida, busetjast i morgon eller plutselig bli henta av politiet (Lidén, Eide, Hidle, Nilsen, & Wærdahl, 2013, s. 136).

Psykisk helse har i Noreg blitt sett på dagsorden dei siste åra, og det har blitt eit stort fokus på normalisering rundt dårleg psykisk helse. Situasjonen er imidlertid gjerne annleis andre stadar i verda, og i mange land er psykisk uhelse meir skamfullt og tabubelagt enn i vår kultur (Moe, 2019, s. 298). Mange einslege mindreårige kjem frå ein kultur med unngåelsesdiskurs, og vil difor ofte vegre seg for å setje ord på vanskelege tema (Bræin & Christie, 2020, s. 267). Dette understrekar viktigheita av at sosialarbeidarar kjenner til kjenneteikn på traumer og psykisk lidning. Det som uttrykkast kjenslemessig utan ord er ein stor del av språket, og kanskje særskilt ved mangel på same forståingsramme som verbalt språk og symbol. Det å lese kroppsspråket til den einslege mindreårige, samt leite etter triggarar i kvardagen, vert difor særskilt viktige fokusområder. Plutselege lydar som brannalarmen på mottaket eller nyttårsrakettane ved inngangen til det nye året kan vere faktorar som triggar alarmsystemet til ungdommen. Persepsjonen er gjerne annleis enn eins eigen grunna skilnad i tidlegare livserfaringar. Eksponeringstrening kan bli eit viktig vendepunkt for den einslege mindreårige ved at sosialarbeidaren kan hjelpe ungdommen til å møte frykta med små skritt (Bengtson & Ruud, 2013, s. 188). I tillegg kan fysisk aktivitet dempe stressnivået til ungdommen (Bræin & Christie, 2020, s. 268). Dersom sosialarbeidarar kjenner til vanlege uttrykk for smerter som følge av traumatisering, vil ein i større grad finne ut kven som har behov for profesjonell hjelp frå eit lågterskeltilbod på eit tidleg tidspunkt. Tidleg intervensjon kan føre til mindre lidningstrykk over tid (Skar, Jensen, & Selvanayagam, 2019, s. 153). Samstundes kan ein stille spørsmål til risikoen ved at den einslege mindreårige opplever nok eit brot om ein startar ei behandling og dei må reise frå staden dei har kome til. Denne haldninga kan nok føre til at mange einslege mindreårige ikkje får den hjelpa dei har rett til.

4.2 Kven skal eg vere her?

Einslege mindreårige kjem frå sitt eige heimland til eit heilt nytt land, med ein heilt ny og framand kultur. Det store spørsmålet vert då: Kven skal eg vere her? Menneske på flukt vil alltid møte utfordringar knytt til å måtte definere seg sjølv i ein ny samfunnsmessig kontekst (Skytte, 2019, s. 117). Dei einslege mindreårige finn seg mellom to verdenar i ei spenning

mellom det vestlege og tradisjonelle, vi kan seie dei har ein fot i kvar hamn. Det som står føre dei no handlar om å finne fotfeste i eit nytt land. I ein slik situasjon er det nok lett å hamne i ei identitetskrise. Med Erikson sin teori som bakteppe veit vi at utviklingstrinnet einslege mindreårige finn seg på inneber kjernekonflikten identitet versus rolleforvirring. Dette er ei vanskeleg tid for dei fleste ungdommar, dei skal finne seg sjølve og sin eigen stad i samfunnet. Ekstra vanskeleg er det nok for dei einslege mindreårige. Dei har gjerne opplevd potensielt traumatiserande opplevingar, i tillegg til tap og brot med sine forankringspunkt som kultur og familie. Dei står i forholdet mellom det kjende og ukjende, og kan nok kjenne på ubalanse i seg sjølv og i forhold til omgjevnadane. Det å kome til eit nytt land med ein ny kultur kan føre med seg fleire utfordringar. På denne nye staden er språket ofte uforståeleg, luktene framande, maten gjerne smaklaus og merkeleg, musikken og skikkane annleis, samt at det er ulik moral og verdisyn i majoritetsbefolkninga. I tillegg vert det krevd eit auka forbruk av psykisk energi når ein skal orientere seg i framande omgjevnadar der ingenting har rukket å bli automatisert (Varvin, 2015, s. 177). Å betale på ein teknologisk matbutikk med norsk valuta, finne ut av sosiale normer og prøve å bli forstått gjennom kommunikasjon krev for dei fleste einslege mindreårige auka konsentrasjon. Å lære norsk kan nok vere nøkkelen som opnar fleire dører (Varvin, 2015, s. 71). Ei episode eg her vil trekkje fram er då eg og ein ungdom på mottaket skulle på fjelltur. Vi hadde den siste tida snakka ein del om at ein ikkje skulle seie hei til alle ukjende på gata. På fjellet helste eg på alle vi møtte. Etter ei stund uttrykte ungdommen undring over at eg kjende alle. Eg fekk her auga opp for kor prega samfunnet vårt faktisk er av sosiale, uskrivne spelereglar. Han kjende ikkje til norma i Noreg om at alle helsar på kvarandre på fjelltur.

Ut frå ein kultursensitiv tankegong kan ein tenkje at det å kome frå ein kollektivistisk orientert kultur til det meir individualistiske samfunnet i Noreg kan forsterke forvirringa kring det å skulle finne ut kven ein skal vere. Vanskelege dilemma kan nok oppstå som fylgje av sprikande forventningar, der den einslege mindreårige kan oppleve eit krysspess mellom det kollektivistiske og individualistiske. Sosialarbeidaren må her finne ein balanse mellom kultursensitivitet og kulturalisering. På eine sida må ein ikkje kulturalisere ved å grunnkje forvirringa til ungdommen med ei einseitig kulturforklaring, men på andre sida kan ei frykt for å kulturalisere føre til at vi nærmar oss situasjonen utan å ta kulturelle omsyn. Kan det vere negativt å ha for mykje fokus på kultur i det sosialfaglege arbeidet?

Dei einslege mindreårige kan oppleve å ikkje ha ei kjensle av tilhørnad i forhold til fortid, notid og framtid. Eit heilskapsperspektiv vil vere sentralt for einslege mindreårige som finn seg på terskelen til vaksenlivet (Svendsen, Berg, Paulsen, Garvik, & Valenta, 2018, s. 15). Det kan tenkjast at det å lære den norske kulturen å kjenne vil auke ungdommen si forståing, og opplevinga av samanheng vert tydelegare. Etersom negativitet ofte står i fokus for asylsøkjjarane i tida mellom integrering og retur, kan ei viktig og utfordrande oppgåve for sosionomen vere å hjelpe ungdommane til å reflektere over positive sider med det nye tilveret. Migrasjon kan føre til at ein lærer å kjenne seg sjølv på nye måtar, og gje andre moglegheiter enn i heimlandet (Varvin, 2015, s. 182). Ein kan lære eit nytt språk, oppleve ein annan kultur, få bruke dei kognitive evnene sine gjennom skulegong, samt nyte norsk natur og lære nye tradisjonar å kjenne. Dette kan bidra til vekst og mestring hos den einskilde ungdom. Samstundes kan nok dei einslege mindreårige oppleve det å bli kjend med ein ny kultur som eit ubehag og svik mot eigen kultur og familie. Asylmottaket og den betydingsfulle vaksne kan fungere som det Bowlby omtalar som ei trygg base og trygg hamn. Dette er dei einslege mindreårige avhengige av for å tørre å utforske det norske samfunnet og i danninga av eigen identitet. Dei einslege mindreårige kan framstå som sjølvstendige individ, men er likevel avhengige av ei trygg base og ei trygg hamn for vidare utvikling.

4.3 "Oss" og "dei andre"

Eit omdiskutert tema i flyktningsdebatten er skiljet mellom "oss" og "dei andre". Denne diskursen let seg nok vanskeleg fjerne. I nyheitsbilete høyrer vi om den farefulle kvardagen til born i flyktningleirar rundt om i verda. Vi høyrer historiene om "dei", som ikkje har vore like heldige som "oss". Det fins mange historier til dømes i Moria om "dei", men vi må ikkje gløyme at dei er som oss; alle er vi menneske.

Etniske minoritetar i det norske samfunnet kan føle seg generaliserte og usynleggjort som individ grunna ytre kjenneteikn som hudfarge, namn eller klesdrakt (Østby, 2011, s. 61). Kategorisering og generalisering er noko alle menneske gjer, og kvart individ i majoritetsbefolkninga i Noreg har sine fordommar dei møter omverda med. Å rette merksemda mot eigne haldningar og verdiar er avgjerande for å møte ungdommen på ein kultursensitiv måte med eit ope sinn, ettersom fordommane våre kan føre til stereotypiar og framandgjering (Dahl, 2015, s. 70). Det vert danna eit bilete av kven dei er og kva dei står for.

Vi kan sjå stereotypiane som konsekvens av manglande interaksjon mellom etnisk norske og asylsøkjarene (Aadnesen & Hærem, 2007, s. 59). Bengtson og Ruud (2013, s. 195) skriv om einslege mindreårige på eit mottak som vil at skulebussen skal stanse ein stoppestad tidlegare enn busslomma ved skulen. Dei har eit brennande ynskje om å kome som vanleg ungdom, ikkje med stempel som "einsleg mindreårig asylsøklar". Dette kan nok mange av ungdommane kjenne seg igjen i. Informasjon og kunnskap om den andre kan bryte mønsteret av fordommar og stereotypiar i samfunnet (Dybedahl & Bøhn, 2017, s. 46). Ved hjelp av kontaktetablering og at kulturar møtast kan ein sjå at mange stereotypiar, der vi set menneske i bås, ikkje er sanne.

Skytte (2019, s. 118) hevdar at korleis det etniske minoritetssamfunnet som personen sjølv identifiserer seg med blir anerkjent av majoritetssamfunnet, er avgjerande for tilpassinga til det norske samfunnet. Den einslege mindreårige kan altså ikkje unngå å bli påverka av haldningane nordmenn har til flyktningar. Alex Falcão seier at innvandrarar i Noreg ikkje vert sett på som menneske, men som problem (Kristiansen, 2011). Eg vil her vende eit kritisk blick mot tvisynet ein har sett i den europeiske flyktningpolitikken dei siste 20-30 åra. Samstundes som det har vore fokus å halde oppe idealet om human behandling av menneske på flukt gjennom flyktningkonvensjonen og andre menneskerettar, har det imidlertid samtidig vore eit mål å halde så mange som mogleg vekk frå dei europeiske landa (Varvin, 2019, s. 31). Kva gjer dette med dei einslege mindreårige i møtet med Noreg? Korleis skal dei klare å integrere seg dersom Noreg ikkje vil ta del i den felles dugnaden?

Vi ser ei skeivfordeling av makta i det norske samfunnet, der majoriteten vert sett på som største makthavar. Majoriteten sit med makta til å definere kven som er dei andre i den offentlege sfæra (Thorbjørnsrud, 2019, s. 242). Ein kan knyte Erikson sitt omgrep om identifisering til ungdommane på mottaket (Bunkholdt, 2015, s. 68). Vi ser ofte at dei ynskjer å identifisere seg med etnisk norske ungdommar. Dette kjem gjerne til syne gjennom at dei vil ha same kle, som Adidas-genser og Nike-sko. Kanskje dette kan føre til ei form for tilhørnad og lettare innpass? Vi ser her korleis det norske samfunnet sine haldningar og normer spelar inn som viktige faktorar i høve korleis ego vert forma. Motsett kan ein sjå at stempelet dei einslege mindreårige gjerne har i samfunnet kan føre til det Goffman kallar ei stigmatisering (Heggen, 2012, s. 135). Stigmatiseringa kan gjere slik at majoriteten berre ser flyktningstatusen som overskygger eigenskapar ungdommen har, og i verste fall føre til marginalisering. Den enkelte ungdom kan påverkast av stigmatiseringa slik det skjer ei

sjølvstempling. Dersom majoriteten ser på ein som annleis og mindreverdige, definerer ein seg sjølv til slutt på den måten. Slik kan stempelet bli ein sjølvoppfyllande profeti (Norvoll, 2019, s. 105).

Om vi ser oss sosialarbeidarar i lys av dette tema, bør vi alltid vere rusta til å arbeide på ein kulturkompetent måte med menneske med ulike livssyn. Nedfelt i FO sitt yrkesetiske grunnlagsdokument (2015, s. 6) finn ein at samfunnsmandatet vårt mellom anna går ut på å arbeide for redusert forskjellsbehandling av etnisitet, religion og andre mellommenneskelege forhold. Dette kan vere med på å minske gapet mellom ”oss” og ”dei”, og dermed på sikt bidra til betre livskvalitet hos dei einslege mindreårige. Vi kan likevel her stille oss spørsmålet om ei kulturell relativistisk haldning alltid er etisk rett. På den eine sida kan det å ha ei kulturell relativistisk haldning føre til at ein møter den andre med eit ope sinn og ser alle kulturar som likeverdige. På den andre sida er det viktig å understreke at ei eintydig kulturell relativistisk haldning opnar aksept for alle handlingar innan kulturen som kan føre til moralsk likegyldigheit eller mangel av å sjå etiske aspekt. Døme på dette kan vere å godta arrangert ekteskap eller omskjering. Samstundes kan ei rein etnosentrisk haldning gjere at ein ikkje klarer å forstå at andre menneske opplever verda ulikt, samt at det saman med generalisering kan danne grunnlag for rasisme. Ein kan difor føretrekkje ei likevekt mellom kulturell relativisme og etnosentrisme.

4.4 Hjelp og kontroll

I sosialfagleg arbeid finn vi oss i eit hav av spenningsfelt, der eit er spenningsfeltet mellom hjelp og kontroll. Den profesjonelle er avhengig av å kunne balansere mellom fleire spenningar i arbeidet. Sosionomen skal gjennom sitt arbeid på mottaket både ivareta god omsorgsfunksjon for ungdommane, og samtidig vere myndigheitene si forlengte arm. Den doble rolla vert eit etisk dilemma for sosialarbeidaren. Erfaringsvis har eg sett at grensesetting kan skape tryggleik. Sosialarbeidaren må vere ein autoritativ vaksen, som set grenser på ein varm måte. Samstundes veit vi at irettesetting og konfrontasjon kan bli oppfatta som uhøflig innan ein kollektivistisk orientert kultur som dei einslege mindreårige gjerne kjem frå (Magelssen, 2017, s. 82). For menneske som har levd eit kaotisk liv kan den miljøterapeutiske grunnstrukturen ha betydning for at ungdommane skal få ei litt meir forutsigbar dagsrytme med ei rekkje konkrete tidsmarkørar. Strukturen kan vere ei motvekt til det indre kaoset som

ungdommane gjerne kjenner på, og bidra til oppleving av samanheng og håp i livet. Strukturen kan sjåast på som ein beskyttelsefaktor som kan fremje resiliens og livskvalitet. Sjølv om ungdommane kan kjenne på avgrensingar i forhold til autonomi og fridom som kan føre til protest, vil dei fleste nok etter kvart oppleve grensesetting og struktur som noko positivt som gjev ei kjensle av tryggleik (Schjødt & Heinskou, 2016, s. 42). Kvardagen på mottaket inneheld episodar der struktur og grenser gjerne vert sett på prøve. Dette kan gjelde alt frå leggetider og matvaner, til støynivå og innetider. Einslege mindreårige kan grunna kriseprega situasjonar ofte ha utvikla uhensiktsmessige årsaksforklaringar, og tenkjer gjerne svart-kvitt for å få ei slags oversikt (Nordmo, Savosnick, & Mekonen, 2019, s. 171). Dette kan føre til ein snever tankegang i høve dei tilsette på mottaket. Det er vanleg at nokre tilsette vert ”snille”, medan andre blir ”regelstyrte” på bakgrunn av oppretthalding av reglar og struktur. Ein ser her viktigheita av god informasjonsflyt, felles rutinar og kontinuitet i personalgruppa. Samstundes må det vere høve til utøving av skjønn, der den profesjonelle nyttar fagkunnskap i enkeltsituasjonar for å kome fram til hensiktsmessig og tilpassa tenesteyting. Ein slik fleksibilitet kan i nokre høve stride i mot asylmottaket sine overordna reglar. Hjelperelasjonar vil alltid vere prega av ein asymmetri og skeivfordeling av makt mellom sosialarbeidaren og ungdommen grunna kunnskapsmonopolet den profesjonelle innehar (Norvoll, 2019, s. 88). Ein må vere seg etisk medviten korleis profesjonsmakta påverkar det sosialfaglege arbeidet. Empowerment-tankegangen har bana veg for ei omstilling innan profesjonane sine tradisjonelle autoritetsposisjonar, og då er det viktig at fokuset skal vere tenesteyting på brukarane sine premissar (Askheim, 2015, s. 189).

Det vert relevant å snakke om nærleik i arbeidet med dei einslege mindreårige. Kvar går grensa mellom å vere personleg og privat? Ei utfordring for sosialarbeidaren kan nok vere å finne ein balanse i rolla som tillitsperson og kompis, og rolla som vaksen og offentleg tilsett i eit profesjonsyrke. Både sosialarbeidaren og ungdommen si rolle kan vere prega av same spenningsforholdet mellom ungdommen sine motstridande kjensler mellom autonomi og avhengigheit på den eine sida og den tilsette sin empati og profesjonalitet på den andre (Lidén, Eide, Hidle, Nilsen, & Wærdahl, 2013, ss. 130-131). Ut frå ein miljøterapeutisk ståstad må sosialarbeidaren utføre profesjonell medmenneskelegheit (Skårderud & Sommerfeldt, 2018, s. 141). Å tenke at profesjonalitet inneber distanse er nok vanleg for oss nordmenn, men innan traumebevisst omsorg er det naudsynt å kome nær. Prisen for nærleik kan seiast å vere sårbarheit (Gustumhaugen, Dønnestad, & Steinkopf, 2017, s. 123). Vi må tørre å arbeide med hjartet på utsida. Asylmottaket er ein midlertidig stoppestad for

ungdommane. Ein bør som profesjonell sosialarbeidar ha eit reflektert forhold til at dei nære relasjonane til ungdommane er midlertidige. Nokre får ikkje opphald og vert sende tilbake til heimlandet, andre får opphald og flyttar til ei annan kommune i Noreg, medan ei tredje gruppe vel å rømme frå mottaket for å prøve lukka ein annan stad. Både ungdommen og sosialarbeidaren kan kjenne på ei slags sorg og ambivalente kjensler ved brot i relasjonen. Er eigentleg det etisk riktige i det store bilete å danne for nære hjelperelasjonar på eit asylmottak?

På eit mottak for einslege mindreårige er det mange arbeidsoppgåver som er standardiserte og rutineprega, som individuelle kartleggingar, tiltaksplanar og eventuelle retursamtalar. Ein medverkande faktor for standardiseringa kan ha vore styringsforma New Public Management sitt fokus på effektivisering, som har dominert i dei norske velferdstenestene sidan slutten av 1980-talet (Aamodt, 2014, s. 163). Standardiseringa kan nok føre til at skjønnsutøvinga vert svekka, noko som kan vere uheldig. I tillegg kan standardiseringa føre til ein distanse mellom ungdommen og oss som hjelparar, og tap av den gode samtalen grunna at relasjonen ikkje føles ekte. Den einslege mindreårige kan nok føle å ikkje bli høyrd, noko som kan påverke brukarmedverknaden i eigen asylprosess negativt. Joranger (2016, s. 69), sett i lys av Habermas sitt perspektiv, meiner at vi må setje kritisk refleksjon over eiga yrkesutøving på dagsorden, og legg vekt på at vi som sosialarbeidarar må øve opp den frigjerande erkjenningsinteressa. Effektiviseringa og standardiseringa kan føre til at det sosialfaglege arbeidet vert redusert til ei form for instrumentell rasjonalitet, stikk i strid med empowerment-tankegongen. I ein travel arbeidskvardag på mottaket kan det skje at hjelperelasjonane vert prega av ei objektivisering. Asylsøkjarane vert ”det” den profesjonelle arbeidar med (Røkenes & Hanssen, 2019, ss. 15-16). Skaper vi eigentleg livskvalitet dersom ungdommane vert sett på som objekt?

5.0 Avsluttande refleksjonar

Problemstillinga i oppgåva har vore: *Korleis kan sosialarbeidarar arbeide frå eit miljøterapeutisk perspektiv for å fremje livskvalitet hos einslege mindreårige asylsøkjarar i venteperioden?*

I problemstillinga ligg eit spenningsforhold mellom samfunnsmessige faktorar på den eine sida og individuelle faktorar på den andre. Distinksjonen mellom ”oss” og ”dei andre” er eit mykje omdiskutert tema. Det er naudsynt at sosialarbeidaren på mottaket vender blikket innover mot seg sjølv, for å ha eit bevisst forhold knytt til eigne haldningar i høve denne diskursen. Dette er avgjerande for å skape føresetnadar for å vere utforskande og audmjuk i møte med andre menneske. Haldningane til menneska i majoritetsbefolkninga er avgjerande for om den einskilde ungdom klarer å finne fotfeste, danne sin eigen identitet og sosiale nettverk i eit nytt og ukjent land. Dei samfunnsmessige forholda påverkar kvar einskild kanskje meir enn kva vi tenkjer over i kvardagen. Fallgruvane ved både for mykje eller for lite kulturkompetanse kan vere fleire. For å nemne nokre kan det gjelde kategorisering, stereotypiar og for lita eller for stor grad av kultursensitivitet. I oppgåveprosessen har eg fått auga opp for at familiegjenforening og utfordringar ved bruk av tolk i arbeidet er viktig for utforsking i høve dette temaet, men grunna prioriteringar og oppgåva sitt omfang vart dette ekskludert.

Einslege mindreårige kan sjåast på som sårbare offer i dei nye omgjevnadane. Dei har gjerne mista sine nære og kjære, og veit lite om kva morgondagen vil bringe. Samstundes har dei kome seg heilt hit, ofte gjennom ei fluktrute med særskilte krevjande omstende. Vi må difor anerkjenne dei som ressurssterke, handledyktige individ. I arbeid med einslege mindreårige får vi innblikk i kva menneske faktisk kan tåle (Varvin & Lien, 2019, s. 292). Gjennom å skrive denne oppgåva har eg fått auka innsikt i kva som kan bidra til livskvalitet i venteperioden for einslege mindreårige asylsøkjjarar. Eg ser dette som relevant kunnskap som fylgje av at samfunnet i auka grad vert meir fleirkulturelt. Varme, profesjonelle og autoritative sosialarbeidarar som arbeidar for redusert forskjellsbehandling, kunnskap om traume og psykisk lidning, utøving av eksponeringstrening i høve frykta. Sosialarbeidarar som betydingsfulle andre i møte med å lære den norske kulturen å kjenne, gode sosiale nettverk med trygge relasjonar, ei kjensle av tilhørnad og mestring. Slik kan vi kome eit steg vidare for å skape livskvalitet for dei einslege mindreårige i venteperioden.

6.0 Kjeldeliste

- Aadnesen, B. N., & Hærem, E. (2007). *Interkulturelt barnevernsarbeid*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Amble, L., & Dahl-Johansen, C. (2019). *Miljøterapi som behandling - ved komplekse traumer hos barn og unge*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Aamodt, I. (2014). Profesjonalitet og prioritering - Makt som styringens resultat. *Fokus på familien*(2), s. 158-179.
- Amundsen, B. (2016). *Fra 30 000 til 3000 asylsøkere. Hva har skjedd?* Henta 28.04.20 fra <https://forskning.no/innvandring-samfunnskunnskap/fra-30-000-til-3000-asylsokere-hva-har-skjedd/375749>
- Askheim, O. P. (2015). *Empowerment i helse- og sosialfaglig arbeid - Floskel, styringsverktøy eller frigjøringsstrategi?* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Bengtson, M., & Ruud, A. (2013). Utviklingsstøttende omsorg i mottaksfasen. I: K. Eide, *Barn på flukt - Psykososialt arbeid med enslige mindreårige flyktninger*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Berg, B. (2012). Mottakssystemet - historikk og utviklingstrender. I: M. Valenta, & B. Berg, *Asylsøker i velferdsstatens venterom*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Berg, B., & Tronstad, K. R. (2015). *Levekår for barn i asylsøkerfasen*. Trondheim: NTNU Samfunnsforskning.
- Borge, A. I. (2018). *Resiliens - risiko og sunn utvikling*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Bræin, M. K., & Christie, H. J. (2020). Terapi med enslige mindreårige flyktninger og asylsøkere. I: K. Eide, *Barn på flukt - Psykososialt arbeid med enslige mindreårige flyktninger*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Brodtkorb, E., & Rugkåsa, M. (2019). Sosiologisk og sosialantropologisk tenkemåte. I: E. Brodtkorb, & M. Rugkåsa, *Mellom mennesker og samfunn - Sosiologi og sosialantropologi for helse- og sosialprofesjonene*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Bunkholdt, V. (2015). *Psykologi - en innføring for helse- og sosialarbeideren*. Oslo: Universitetsforlaget .

- Dahl, Ø. (2015). *Møter mellom mennesker - Innføring i interkulturell kommunikasjon*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Det kongelige justis- og beredskapsdepartementet. (2016, 5. april). *Prop. 90 L - Endringer i utlendingsloven mv. (innstramminger II)*. Henta 02.05.20 frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/225c8eb568834fbf866a6bc8f6e02dd8/no/pdfs/prp201520160090000dddpdfs.pdf>
- Djupvik, A. R., & Eikås, M. (2016). *Organisert velferd - Organisasjonskunnskap for helse- og sosialarbeidarar*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Dybedahl, M., & Bøhn, H. (2017). *Veien til interkulturell kompetanse*. Oslo: Vigmostad & Bjørke AS.
- Eide, K. (2020). Hvem er de enslige mindreårige flyktingene? En kunnskapsoversikt. I: K. Eide, *Barn på flukt - Psykososialt arbeid med enslige mindreårige flyktinger*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Eide, K., & Lidén, H. (2012). Mottak av enslige mindreårige asylsøkere. I: M. Valenta, & B. Berg, *Asylsøker i velferdsstatens venterom*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Eriksen, T. H. (2014). Kultur, verdier og menneskerettigheter. I: T. H. Eriksen, *Flerkulturell forståelse*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Eriksen, T. H. (2015). *Hva er sosialantropologi?* Oslo: Universitetsforlaget.
- Evang, A. (2015). *Utvikling, personlighet og borderline*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Fellesorganisasjonen. (2015). *Yrkesetisk grunnlagsdokument for barnevernspedagoger, sosionomer, vernepleiere og velferdsvitere*. Henta 02.04.20 frå <https://www.fo.no/getfile.php/1311735-1585635696/Dokumenter/Din%20profesjon/Brosjyrer/Yrkesetisk%20grunnlagsdokument.pdf>
- Flyktinghjelpen. (2019, 19. juni). *Global statistikk over mennesker på flukt*. Henta 16.04.20 frå <https://www.flyktinghjelpen.no/global/statistikk/statistikk/>
- FN-sambandet. (2019, 21. juni). *Flyktinger*. Henta 27.04.20 frå <https://www.fn.no/tema/Flyktinger>

- FN-sambandet. (2019, 17. juni). *FNs verdenserklæring om menneskerettigheter*. Henta 05.04.20 frå <https://www.fn.no/Om-FN/Avtaler/Menneskerettigheter/FNs-verdenserklæring-om-menneskerettigheter>
- Gustumhaugen, K., Dønnestad, E., & Steinkopf, H. (2017). *Miljøterapeuten - mennesket som metode i miljøterapi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hafstad, G. S., & Glad, K. A. (2016). Personlig vekst eller økt sårbarhet? Posttraumatisk vekst fra et utviklingsperspektiv. I: C. Øverlien, M.-I. Hauge, & J.-H. Schulz, *Barn, vold og traumer - Møter med unge i utsatte livssituasjoner*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Hagen, M. B. (2016). Samspillet betydning for barnets utvikling. I: M. B. Hagen, A. B. Da Silva, & M. I. Thelle, *Traumebevisst omsorg i psykisk helsearbeid - fra et tilknytningsteoretisk perspektiv*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Høgskulen i Volda. (2020). *Sosialt arbeid - sosionom*. Henta 10.03.20 frå <https://www.hivolda.no/studieplaner/2020/SOSBV/Haust>
- Heggen, K. (2012). *Risiko og forhandlinger - Ungdomssosiologiske emner*. Oslo: Abstrakt Forlag AS.
- Holt, K. (2019). *Kultur, migrasjon og traumer - Hva trenger hjelperen for å bidra til god psykisk helse og livskvalitet?* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Hundeide, K. (2014). *Barns livsverden: sosiokulturelle rammer for barns utvikling*. Oslo: J.W. Cappelens Forlag AS.
- Jørgensen, T. W., & Steinkopf, H. (2013). Traumebevisst omsorg, teori og praksis. *Fosterhjemskontakt*(1), s. 10-17. Henta 06.04.20 frå <https://sor.rvts.no/filestore/Filarkiv/Dokumenter/Fagstoff/Barnevern/Artikkel3-Traumebevisstomsorg.pdf>
- Joranger, L. (2016). "Hvorfor gjentar dere siste ordet vi sier hele tida?". *Fontene forskning*(1), s. 69.
- Killén, K. (2019). *Sveket II - Ansvar og (be)handling*. Oslo: Kommuneforlaget AS.

- Kipperberg, E. (2015). Når verden banker på: fra det globale til det lokale. I: E. Kipperberg, *Når verden banker på - nye utfordringer for profesjonsutøvelse*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Kristiansen, C. (2011, 12. oktober). Kalkulert kynisme. *Aftenposten*. Henta 19.04.20 frå <https://www.aftenposten.no/meninger/i/396QP/kalkulert-kynisme>
- Kristoffersen, N. J. (2019). Livsstilsutfordringer og pedagogisk endringsarbeid. I: A. L. Svalastog, N. J. Kristoffersen, & H. S. Lile, *Psykososialt arbeid - Kunnskap, verdier og samfunn*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Kvello, Ø. (2019). *Barn i risiko - Skadelige omsorgssituasjoner*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Larsen, E. (2018). *Miljøterapi med barn og unge - Organisasjonen som terapeut*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Levin, I. (2015). *Hva er sosialt arbeid?* Oslo: Universitetsforlaget.
- Levin, I. (2015). Sosialt arbeid som spenningsfelt. I: I. T. Ellingsen, I. Levin, B. Berg, & L. Kleppe, *Sosialt arbeid - En grunnbok*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Lidén, H., Eide, K., Hidle, K., Nilsen, A., & Wærdahl, R. (2013). *Levekår i mottak for enslige mindreårige asylsøkere*. Oslo: Institutt for samfunnsforskning.
- Lillevik, O. G., & Øien, L. (2018). *Miljøterapeutisk arbeid i møte med vold og aggresjon*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS .
- Lipsky, M. (2010). *Street-level bureaucracy - Dilemma of the individual in public services*. New York: Russell Sage Foundation.
- Magelssen, R. (2017). *Kultursensitivitet - Om å finne likhetene i forskjellene* . Oslo: Cappelen Damm AS.
- Moe, T. F. (2019). Psykisk helse og smerter. I L. Lien, R. Dybdahl, H. Siem, I. Julardzija, & H. Bakke, *Asylsøkere og flyktninger - Psykisk helse og livsmestring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Nes, R. B., Hansen, T., & Barstad, A. (2018). *Livskvalitet - Anbefalinger for et bedre målesystem*. Oslo: Helsedirektoratet.

- Nielsen, G. H., & Binder, P.-E. (2017). Den klassiske psykoanalysens grunnbegreper: normalutvikling og psykopatologi hos barn og unge. I: L. M. Gulbrandsen, *Oppvekst og psykologisk utvikling - Innføring i psykologiske perspektiver*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Nordanger, D. Ø., & Braarud, H. (2020). *Utviklingstraumer - regulering som nøkkelbegrep i en ny traumepsykologi*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Nordmo, G., Savosnick, G., & Mekonen, L. (2019). Helsefremmende arbeid i asylmottak. I: L. Lien, R. Dybdahl, H. Siem, I. Julardzija, & H. Bakke, *Asylsøkere og flyktninger - psykisk helse og livsmestring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Norvoll, R. (2019). Makt og avmakt. I: E. Brodtkorb, & M. Rugkåsa, *Mellom mennesker og samfunn - Sosiologi og sosialantropologi for helse- og sosialprofesjonene*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Norvoll, R. (2019). Sosiale avvik og sosial kontroll. I: E. Brodtkorb, & M. Rugkåsa, *Mellom mennesker og samfunn - Sosiologi og sosialantropologi for helse- og sosialprofesjonene*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Opaas, M. (2019). Med traumer i bagasjen - Vanskeligheter de første årene i Norge. I: L. Lien, R. Dybdahl, H. Siem, I. Julardzija, & H. Bakke, *Asylsøkere og flyktninger - Psykisk helse og livsmestring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Pileberg, S. (2020, 15. januar). *Lyden av søppelbilen minner Ayan Osman om krigen*. Henta 24.04.20 fra <https://forskning.no/barn-og-ungdom-innvandring-integration/lyden-av-soppelbilen-minner-ayan-osman-om-krigen/1621445>
- Røkenes, O. H., & Hanssen, P.-H. (2019). *Bære eller bryte - Kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker*. Oslo: Vigmostad & Bjørke AS.
- Rugkåsa, M., Eide, K., & Ylvisaker, S. (2015). Kulturalisering og symbolsk mening i barnevernsarbeid. *Tidsskrift for velferdsforskning*(2), s. 2-15. Henta 03.04.20 fra <https://oda.hioa.no/en/kulturalisering-og-symbolsk-mening-i-barnevernsarbeid/asset/dspace:9857/1243813.pdf>
- Rugkåsa, M., Ylvisaker, S., & Eide, K. (2017). *Barnevern i et minoritetsperspektiv - Sosialt arbeid med familier*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

- Ruppert, D. F. (2020). *Forstå dine sår i sjelen - Traumer, tilknytning og familiekonstellasjoner*. Oslo: Flux Forlag.
- RVTS Sør. (2020, 21. januar). *De tre pilarene i traumebevisst omsorg*. Henta 29.03.20 frå <https://rvtssor.no/aktuelt/294/de-tre-pilarene-i-traumebevisst-omsorg/>
- Sønstrerudbråten, S., Tyldum, G., & Raundalen, M. (2018). *Et trygt sted å vente - Omsorgspraksiser på asylmottak for enslige mindreårige*. Oslo: Fafo.
- Schiefloe, P. M. (2019). *Mennesker og samfunn - Innføring i sosiologisk forståelse*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Schjødt, T., & Heinskou, T. (2016). *Hvad er miljøterapi? I: I. Ibus, L. Jeremiassen, B. Jørgensen, & T. Sølvhøj, Miljøterapi og personlighedsforstyrrelser*. København: Psykiatrifonden.
- Shaygani, S. (2019). *Ruslidelse blant pasienter med migrasjonsbakgrunn. I: L. Lien, R. Dybdahl, H. Siem, I. Julardzija, & H. Bakke, Asylsøkere og flyktninger - psykisk helse og livsmestring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Skar, A.-M. S., Jensen, T., & Selvanayagam, K. (2019). *Veien fra ankomst til bosatt. I: L. Lien, R. Dybdahl, H. Siem, I. Julardzija, & H. Bakke, Asylsøkere og flyktninger - Psykisk helse og livsmestring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Skårderud, F., & Sommerfeldt, B. (2018). *Miljøterapiboken - Mentalisering som holdning og handling (MBT-M)*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Skårderud, F., Haugsgjerd, S., & Stänicke, E. (2018). *Psykiatriboken - Sinn-kropp-samfunn*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Skytte, M. (2019). *Etniske minoritetsfamilier og sosialt arbeid*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Smith, L. (2017). *Tilknytning: teori og forskning. I: L. M. Gulbrandsen, Oppvekst og psykologisk utvikling - Innføring i psykologiske perspektiver*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Statistisk Sentralbyrå. (2018, januar 19). *Flest nyankomne fra Afghanistan, Syria og Eritrea..* Henta 03.04.20 frå <https://www.ssb.no/innvandring-og-innvandrere/artikler-og-publikasjoner/gutter-flykter-alene-til-norge>

- Sveaas, N., Reichelt, S., & Berg, B. (2019). Samtaler med familier som gjenforenes i eksil. I: L. Lien, R. Dybdahl, H. Siem, I. Julardzija, & H. Bakke, *Asylsøkere og flyktninger - psykisk helse og livsmestring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Svendsen, S., Berg, B., Paulsen, V., Garvik, M., & Valenta, M. (2018). *Kunnskapsoppsummering om enslige mindreårige asylsøkere og flyktninger*. Trondheim: NTNU Samfunnsforskning - Mangfold og inkludering.
- Thommessen, C. S., & Neumann, C. B. (2019). *Gode hjelpere kjenner seg selv - traumebevisst omsorg i arbeid med barn og unge*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Thorbjørnsrud, B. (2019). Kultur, helse og sykdom. I: E. Brodtkorb, & M. Rugkåsa, *Mellom mennesker og samfunn - sosiologi og sosialantropologi for helse- og sosialprofesjonene*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Thorbjørnsrud, B. (2019). Kulturelle fortolkningsrammer. I: E. Brodtkorb, & M. Rugkåsa, *Mellom mennesker og samfunn - sosiologi og sosialantropologi for helse- og sosialprofesjonene*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Thoresen, S., & Myhre, M. (2016). Tiden leger ikke alle sår. Vold og traumer i et livsløpsperspektiv. I: C. Øverlien, M.-I. Hauge, & J.-H. Schulz, *Barn, vold og traumer - Møter med unge i utsatte livssituasjoner*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Thorkildsen, S. L. (2020, januar 28). De tre pilarene i traumebevisst omsorg. Kristiansand, RVTS Sør, Norge.
- Traumebevisst Omsorg. (2020). *Hva er Traumebevisst Omsorg*. Henta 28.03.20 frå <http://www.traumebevisstomsorg.no/hva-er-traumebevisst-omsorg/>
- Utdannings- og forskningsdepartementet. (2015). *Rammeplan for 3-årig sosionomutdanning*. Henta 15.03.20 frå https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/kd/pla/2006/0002/ddd/pdfv/269389-rammeplan_for_sosionomutdanning_05.pdf
- Utlendingsdirektoratet. (2020). *Enslig mindreårig asylsøker*. Henta 27.03.20 frå <https://www.udi.no/ord-og-begreper/enslig-mindrearig-asylsoker/>
- Utlendingsloven. (2008). Lov om utlendingers tilgang til riket og deres opphold her (LOV-2008-05-15-35) Henta 29.04.20 frå https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-05-15-35/KAPITTEL_11-2#%C2%A795.

- Varvin, S. (2015). *Flukt og eksil*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Varvin, S. (2018). *Flyktningers psykiske helse*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Varvin, S. (2019). Historisk overblikk på flyktninger og psykisk helse i Norge. I: L. Lien, R. Dybdahl, H. Siem, I. Julardzija, & H. H. Bakke, *Asylsøkere og flyktninger - Psykisk helse og livsmestring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Varvin, S., & Lien, L. (2019). Vanlige symptomer og lidelser hos flyktninger. I: L. Lien, R. Dybdahl, H. Siem, I. Julardzija, & H. Bakke, *Asylsøkere og flyktninger - Psykisk helse og livsmestring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Wallroth, P. (2011). *Mentaliseringsboken*. Oslo: Arneberg Forlag.
- Øien, C. (2010). *Underveis - En studie av enslige mindreårige asylsøkere*. Oslo: Fafo. Henta 20.04.20 fra https://www.udi.no/globalassets/global/forskning-fou_i/beskyttelse/underveis-en-studie-av-enslige-mindreaarige-asylsokere.pdf
- Østby, L. (2011). "Sånn er de" - om kategorisering og samhandling med etniske minoriteter. I: B. Berg, & T. Ask, *Minoritetsperspektiver i sosialt arbeid*. Oslo: Universitetsforlaget.